

Sånn funkar kroppen

Korleis kan ein føle berøring, smerte og temperatur?

Rett under huda di ligg det tre forskjellige følarar. Éin kjenner trykk og berøring. Ein annan kjenner smerte, og ein tredje kjenner varme eller kulde.

Ein morosam test du kan gjere med ein venn, er å setje to blyantar forsiktig ned samtidig og ganske nær kvarandre på huda hans eller hennar. Visse plassar har ei kjempegod kjensle. Her vil ein kjenne at det er to blyantar, sjølv om ein held dei veldig nær kvarandre. Berre prøv!

Brent barn skyr elden

Vi har smerte-følarar som registrerer at noko er vondt, og sender melding om dette til hjernen.


Alt som vil komme til å skade oss, gjer at vi får vondt. Det er bra. Dersom vi ikkje følte smerte, kunne vi miste armar og bein utan at vi merka det. Å føle smerte vernar oss mot farar.

Termometer i huda

Vi har to forskjellige følarar for temperatur i huda. Éin som føler kulde, og éin som føler varme.

Bedøving

Bedøving vil seie å stoppe smerte-signala til hjernen. Då kan legen skjere i huda di utan at du merkar det. Ganske fint at det går an. Det som er litt rart, er at du merkar at legen tek på deg, men ikkje at han eller ho skjer i deg. Det er fordi berørings-følarane ikkje er bedøvde. Det er smerte-følarane som er det.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 6A side 215.

Gjer oppgåvene 1–7.